



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Komité for oppvekst	16.01.2008	008/08	SERO
Giske kommunestyre	29.01.2008	011/08	SERO

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Ingeborg Dispen Godø	K1-A20, K3-&13	08/12- 2

ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA - RELIGION - LIVSSYN OG ETIKK § 2-3 OG 2-4 - HØYRING

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.01.2008	FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA - RELEGIION - LIVSSYN OG ETIKK	79891
08.01.2008	Hoeringsnotat_om_religion_livssyn_etikk.pdf	80125

Saksutgreiing:

Høyringsuttale om endringar i opplæringslova:

- Fritak frå aktivitetar mm. i opplæringa
- Undervisninga i faget kristendoms-, religions- livssynskunnskap og

Innhald og vurdering i grunnopplæring

Høyringsdokumentet gjer greie for bakgrunnen for framlegg til endringane. Ein sentral premiss i domen frå Den europeiske menneskerettsdomstolen(EMD) er kravet om pluralisme og objektivitet som ” inneber at opplæringa i faget på ein likeverdig måte skal vise mangfaldet i religionar og livssyn og ikkje gi nokon ein kvalitativ forrang. Dommen slår fast at sjølv om kunnskap om kristendom utgjer ein større del av pensum enn andre religionar og livssyn er ikkje det i seg sjølv i strid om prinsippet om pluralisme og objektivitet. Læreplanen i faget vil derfor framleis kunne ha fleire kompetansemål om kristendom enn om andre religionar og livssyn.”



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Vurdering:

Til framlegget 3.4 som presiserer fritaksrettane omtala i Opplæringslovens §2 -3-a har vi ingen kommentarar

Til framlegget i 4.4 går vi imot endringane til eit fag kalla Religion, livssyn og etikk. Vi finn at ein i Noreg også må ha ei eiga mening om kva som er grunnleggjande i samfunnet vårt. Slik KRL- faget er utforma i dag blir det teke omsyn til alle livssynsgrupper på ein respektfull måte. Med det meiner vi at Opplæringslova § 2-4 si formulering:

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal:

-gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv

-gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn

Dette bør stå som før. Det er ikkje eit uttrykk for toleranse å arbeide med dei ulike religionane som om dei hadde like betydning i Noreg. Ei slik forståing kan ein finne rom for i dommen frå EMD. Vi går dermed imot framlegget til lovtekst i 4.6 og meiner det bør stå som i dag.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen har ingen merknader.

INNSTILLING:

Giske kommunestyre sluttar seg til framlegget i saksvurderinga.

16.01.2008 KOMITÉ FOR OPPVEKST

KO-008/08 TILRÅDING:

Med 6 mot 1 røyste vart innstillinga tilrådd.

29.01.2008 GISKE KOMMUNESTYRE

K-011/08 VEDTAK:

Tilrådinga frå komite for oppvekst vart samrøystes godkjend.

Utskrift til:



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA